

# **Vedtekter for LiF – Linjeforeininga for Ingeniørfag og Informasjonsteknologi i Førde.**

## **Innhald**

- §1 Namn**
- §2 Formål**
- § Medlem**
- §4 Stemmerett og valbarheit**
- §5 Kontingent**
- §6 Økonomi**
- §7 Dokument**
- §8 Generalforsamlinga**
- §9 Generalforsamlinga sine oppgåver**
- §10 Val av styremedlem**
- §11 Styret**
- §12 Vedtektsendring**
- §13 Signaturrett og prokura**
- §14 Opplysing**
- §15 Komitear**
- §16 Mistillit**
- §17 Inabilitet**
- §18 Attestar**

## **Vedlegg**

Forretningsorden

## **Endringar**

Generalforsamling den 27.01.2016

Ekstraordinær generalforsamling den 07.09.2016

Generalforsamling 01.02.2017

Generalforsamling 19.02.2020

## **§1 Namn**

LiF - Linjeforeininga for Ingeniørfag og Informasjonsteknologi i Førde

## **§2 Formål**

- §2-1 Skape band mellom LiF sine medlemmer gjennom sosiale og faglege arrangement, aktivitetar og tilbod.
- §2-2 Auke samarbeidet mellom bedrifter og Høgskulen til gode for studentane.
- §2-3 LiF har som føremål å fremje realfag på HVL Campus Førde.

## **§3 Medlemmer**

Studentar ved studiar til Automasjon-, Bygg og Elkraftingeniørstudium (inkludert Y-veg), samt studentar ved Informasjonsteknologi og Forkurs for ingeniørutdanning ved HVL campus Førde kan verte medlemmer og nytte LiF sine tilbod.

## **§4 Stemmerett og valbarheit**

Alle medlemmer har stemmerett og er valbare til tillitsverv i LiF.

## **§5 Medlemskontingent**

Medlemskontingenten vert fastsett av generalforsamlinga.

## **§6 Økonomi**

LiF sin økonomi tek utgangspunkt i tildelingar frå sponsormiddel og ulike studentorgan, som Studentcampusrådet og Velferdstinget. Økonomien vert forvalta av styret og godkjent av generalforsamlinga.

## **§7 Dokument**

### **§7-1 Vedtekter**

Vedtektena er LiF sine formelle reglar og er overordna alle andre dokument. Dei vert behandla på styremøte dersom det er komme inn forslag til endringar. Vedtektena kan endrast med kvalifisert fleirtal på generalforsamlinga.

## **§7-2 Handlingsplan**

Handlingsplanen regulerer, og prioriterer det organisatoriske arbeidet i LiF og skal vere i tråd med vedtekten. Handlingsplanen blir vedtatt på generalforsamlinga.

## **§7-3 Økonomi**

LiF sitt rekneskap føl kalenderåret. Styret skal ved første møte i kvart vårsemester legge fram revidert rekneskap, økonomisk rapport og budsjett for komande år. Generalforsamlinga skal revidere rekneskapen og godkjenne denne.

## **§7-4 Grunnprinsippdokument**

Grunnlag for stifting av LiF.

## **§7-5 Bedriftsavtaler**

LiF sine avtaler med bedrifter skal dokumenterast og utformast av styret i LiF.

## **§7-6 Årshjul**

Ein plan som omfattar kva LiF skal i løpet året.

## **§7-7 Aktivitetsrapport**

Ein rapport over aktivitetane, arrangementa og arbeidet til LiF.

## **§7-8 Kontaktliste**

Liste over styremedlemmer og kontaktinformasjon.

## **§7-9 Medlemsliste**

Liste over LiF sine medlemmer.

## **§7-10 Bedriftsplattform**

Grunnlag for samarbeid med bedrifter.

## **§7-11 Forretningsorden**

Forretningsordenen styrer gjennomføringa av styremøte og generalforsamlingar.

### **§8 Generalforsamlinga**

#### **§8-1 Om generalforsamlinga**

Generalforsamlinga er LiF sitt øvste organ og vert avhalde éi gong i året. Styret kallar inn til generalforsamling seinast 14 – fjorten – dagar i forkant.

#### **§8-2 Stemmerett**

Alle medlemmer har stemmerett på generalforsamlinga.

#### **§8-3 Ekstraordinær generalforsamling**

Ekstraordinær generalforsamling kan verte arrangert etter slutning frå styret, etter krav frå 2 – to – eller fleire styremedlemmer eller etter krav frå 3 – tre – eller fleire andre medlemmer.

#### **§8-4 Krav til møtestyring**

Kvar generalforsamling skal ha ein ordstyrar, ein referent, to referatunderskrivarar og eit teljekorps. Teljekorpset bør så langt det går haldast nøytralt i form av inga stemmerett eller inhabilitet.

#### **§8-5 Forretningsorden**

Ved generalforsamling følger ein forretningsorden.

### **§9 Generalforsamlinga sine oppgåver**

- Val av styremedlemmer
- Komme med reiegjering av framtidige målsettingar.
- Godkjenne føregåande års rekneskap
- Gå gjennom vedtektena
- Gå gjennom årsmelding

## **§10 Val av styremedlemmer**

### **§10-1 Kandidatar**

Kandidatar som stiller til val må være medlem av LiF det året personen skal sitte i styret. Det er derimot ikkje krav til medlemskap ved valets tidspunkt.

### **§10-2 Utføring av val**

Valet vert utført ved skriftleg avstemming eller ved akklamasjon.

### **§10-3 Krav til fleirtal**

Val av nytt styremedlem krev alminneleg fleirtal av stemmene. Ved 3 – tre - eller fleire kandidatar må vedkommande ha simpelt fleirtal. Medlemmene har rett, men ikkje plikt, til å halde ein presentasjon på inntil 2 – to - minutt ved val av styrestilling. Alle kandidatar har rett på ein støttetale dersom vedkomande ikkje er til stades.

### **§10-4 Dersom ikkje oppnådd fleirtal**

Dersom ein kandidat ikkje oppnår fleirtal av de oppgitte stemmene, utførast eit bunde omval mellom dei to kandidatane med flest stemmer. Dersom det berre føreligg éin kandidat, skal generalforsamlinga godkjenne ved akklamasjon.

### **§10-5 Ved likt valresultat**

Viss resultatet etter valet er likt, vil sitjande styre votere over kandidaturet.

### **§10-6 Overgangsperiode**

Overgang til nytt styre vert sett i verk i ein periode på inntil 2 – to – månader. Så langt det er mogleg skal alle studieretningar vere representerte i styret.

### **§10-7 Fordeling**

Følgjande verv vert valde ved generalforsamlinga:

Leiar

Nestleiar

Økonomiansvarleg

Studentkontakt

Bedriftskontakt

Webansvarleg

Aktivitetsleiar

Funksjonær

## §10-8 **Kunngjering av val til nytt styre**

Nytt styre vert vald på generalforsamlinga i vårsemesteret. Valet vert kunngjort 2 – to veke- før valet vert heldt, så det kjem kandidatar til valet.

## §11 **Styret**

### §11-1 **Om LiF-styret**

Styret er LiF sitt utøvande organ og skal bestå av:

Leiar

Nestleiar

Økonomiansvarleg

Aktivitetsleiar

Bedriftskontakt

Studentkontakt

Funksjonær

Webansvarleg

### §11-2 **Vedtak**

Styret er vedtaksdyktig når minimum 2/3 av styrets medlemmer er til stades, inkludert leiar eller leiars stadfortredar (nestleiar). Ved stemmelikskap innan styret har leiar dobbeltstemme. Ved leders fråvær har leders stadfortredar dobbeltstemme ved stemmelikskap.. Vedtak blir godkjent ved alminneleg fleirtal, eller akklamasjon.

§11-2(1)      Ved val av styremedlemmer fell dobbeltstemme bort.

### **§11-3 Mandat**

Alle styremedlemmer har møteplikt, tale-, forslags- og stemmerett. Eventuelle varamedlemmer har berre stemmerett om vara er stadfortredar for eit ordinært styremedlem.

### **§11-4 Innkalling til styremøte**

Leiar kallar inn til styremøte til faste tidspunkt. Styremøte skal haldast minimum ein gong i månaden.

### **§11-5 Dersom leiar ikkje er tilgjengeleg.**

Dersom leiar ikkje er tilgjengeleg tar nestleiar over leiar sine oppgåver og ansvar.

### **§11-6 Forretningsorden**

Forretningsorden vert nytta ved styremøte.

## **§12 Vedtektsendringar**

### **§12-1 Krav til vedtektsendringar**

Vedtekter kan berre verte endra på ordinær eller ekstraordinær generalforsamling. For at endringane skal endrast vert det kravd to tredelars fleirtal.

### **§12-2 Redaksjonelle endringar**

Styret vert gitt mandat til å utføre redaksjonelle vedtektsendringar.

## **§13 Signaturrett og prokura**

### **§13-1 Om signaturrett og prokura**

Styreleiar, nestleiar og økonomiansvarleg har formelt prokura og underskriftsfullmakt for LiF. Dersom naudsynt kan styret utnemne andre til å inneha desse fullmaktene.

## **§14 Oppløysing**

### **§14-1 Om oppløysing av LiF**

Oppløysing av LiF krev to tredelars fleirtal på ordinær og ekstraordinær generalforsamling med minst ein månads mellomrom.

Samanslutning med andre interesseorganisasjonar vert ikkje sett på som oppløysing av LiF. Vedtak om samanslutning og naudsynte lovendringar knytt til dette vert trefte i samsvar med avgjerdene om vedtektsendring, jf. §13.

## **§15 Komitear**

### **§15-1 Stifting av komitear**

Nye komitear vert danna ved behov.

### **§15-2 Dagleg drift**

Komiteane er sjølve ansvarlege for den daglege drifta, men skal halde styret underretta om pågåande aktivitetar. Den enkelte komité bør prøve å ivareta årlege tradisjonar og vidareføre desse på ein best mogleg måte. Komiteane vert oppmoda til å ha nokre faste, årlege arrangement.

### **§15-3 Organisering**

Komiteen skal ha ein leiar som er ansvarleg for at komiteen gjer oppgåvene sine, og skal fungere som ein kontaktperson som styret kan samarbeide med. Den enkelte komitéleiar har ansvar for å regulere talet på medlemmer i sin komité. For å oppnå kontinuitet og nyskaping i LiF, vert oppmoda det til at enkelte komitémedlem sit over fleire periodar, samt at nye studentar vert teke opp i komiteen.

### **§15-4 Nedlegging**

Nedlegging av komitear skjer etter anbefaling frå styret, og vert vedtatt ved simpelt fleirtal.

### **§15-5 Oppseiing av medlemmer**

Dersom eit komitémedlem ikkje ynskjer å være ein del av denne lenger, skal vedkomande gje beskjed anten skriftleg eller munnleg til sin komitéleiar.

## **§16 Mistillit**

### **§16-1 Generelt**

Det kan reisast mistillit mot alle medlemmene i LiF. Mistillitsforslaget skal leggast fram skriftleg med grunngjeving. Dersom det vert reist mistillit vil styre avgjere om dette skal avvisast eller takast til etterretning. Dersom det er reist mistillit mot styremedlem skal det haldast ei ekstraordinær generalforsamling så snart som mogleg. Mistillit vert avgjort ved to tredelars fleirtal og vert gjennomført ved skriftleg avstemming.

### **§16-2 Forsvar**

Den det vert reist mistillit mot har rett, men ikkje plikt til å forsvere seg. Dette skjer anten skriftleg eller munnleg.

## **§17 Habilitet**

### **§17-1 Generelt**

I sakar som vert behandla av styret og deira organ skal Forvaltingslova sine avgjerder om habilitet gjelde. Representantar som vert ramma av denne vert fråtatt si stemmerett i gjeldande sak.

## **§18 Attestar**

### **§18-1 Om attestar**

For å få attest av LiF må ein ha delteke på minst to tredelar av LiF sine styremøte.